



# Endring av reguleringsplan for Grønslette, Vågå kommune

<b>Oppdragsgivar</b>	Ottadalen anlegg AS
<b>Oppdrag</b>	Endring av reguleringsplan
<b>Rapport type</b>	Planinitiativ
<b>Prosjektnr.</b>	18371
<b>Dato</b>	18.12.2019

Planinitiativ



# 1 Opplysningar til kommunen

 <b>nordplan</b> arkitektur konstruksjon landskap	Prosjektnr: <b>18 371</b>	Oppstartsdato: <b>10.01.19</b>
Kontaktinformasjon: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 <a href="http://www.nordplan.no">www.nordplan.no</a>	Kundeinformasjon: Ottadalen anlegg AS Industrivegen 35 2680 VÅGÅ  Tlf: 61 23 72 45	
Prosjektleder: Øyvind Sødal		
Medarbeiderar: Gunnar Vole	Sign:	

Planinitiativet er utarbeidd med utgangspunkt i Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter Plan- og bygningsloven §1. Dokumentet er revidert med opplysningar frå oppstartsmøtet, for å vere eit informativt vedlegg ved annonsering.

Opplysningar som er fylt inn i oppstartsmøtet:

Plan ID	34350001
Saksnr kommune	
Sakshandsamar	
Ressurspersonar	
Varslingsavis	Fjuken
Bestille varslingsadresser	Ved endeleg planavgrensing
Bestille kartgrunnlag	07.01.19
Bestille evt. plangrunnlag	
Kraftselskap	
Namn på brannsjef	

## 2 Føremålet med planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å endre reguleringsplan for Grønslette slik at ein kan opne for industri/lagerformål i området SP6 (i dag regulert til spesialområde skjermings- og parkområde, og regulering av område for sprengstofflager med restriksjonssoner innanfor delområda SP2 (i dag regulert til område for blokkuttak). I dette området vil en også legge til rette for snødeponi, og mottak, sortering, gjenbruk/deponering av overskotsmasse. Deponering av rent, inert byggavfall til terrengoppfylling skal vurderast. Arealbruken knytt til lausmasseuttak/motorcrossbane, landbruk/skogbruk, areal med kultminne, og pukkverk/steinbrot (SP3), planleggjast vidareført i ny plan.

Ein foreslår arbeidet gjort som utarbeiding av ny reguleringsplan som vil erstatte gjeldande reguleringsplan for Grønslette, vedteke 23.04.2002, med endring vedteke 30.04.2003.

## 3 Planområdet - aktuelle verknader utanfor planområdet

Framlegg til plangrense går fram av illustrasjonen under, og syner eit areal på 301 daa. På arealet er det tidlegare råstoffutvinning og det er ei motorcrossbane i aktiv bruk, med ulike byggetiltak og terrengarbeid. Det har i forbindelse med utarbeiding av planinitiativet vore dialog med Vågå kommune, og kommunen har framsett krav om planendring før areal kan tas i bruk til nye formål.

Oppstartsmøte vart halde med Vågå kommune 24.01.19. I etterkant av møtet har forslagsstillar avventa innsending av nytt planinitiativ for ei avklaring av flaum- og skredrisiko.




Fig. 1. Forslag til plangrense er vist med svart, stipla line. Område A er tenkt plassering av lagerformål. Område B er mogleg plassering av lager for eksplosiv, snødeponi, og mottak, sortering, gjenbruk/deponering av overskotsmasse. Raude liner i kartet er kopiert inn frå faresonekart i «Faresonekartlegging – område ved Grønslette, Vågå kommune», NGI, dokumentnr 20190032-01-R, datert 08.02.2019.

## 4 Planlagd utbygging, anlegg og tiltak

Det som er utløyssande for planarbeidet er at ein ynskjer å legg til rette for industri/lagerformål på areal som i dag er regulert til andre formål.

På arealet aust for Grøna som vert planlagt endra til lagerformål vurderer vi eit areal på mellom 20 og 30 daa, som kan nyttast til utandørs lager av maskiner, og utstyr. Ein vil legge opp til tiltak i tryggleiksklasse S1 jf. Forskrift om tekniske krav til byggverk (Byggteknisk forskrift, TEK17). Krav til tryggleik mot flaum og skred er styrande for kva etableringar som kan gjerast i delområdet, samt ivaretaking av vassdragsmiljøet i Grøna.

Tomt for eksplosivlager gjev restriksjonssone med tanke på brann- og eksplosjonsfare, og særskild aktsemd må viast risiko for skogbrann. Det forutsetjast at aktuell plassering ikkje er utsett for skred, ras eller flaum, men forskrifta gjev ingen definisjon av kva tryggleiksklasse eksplosivlager skal plasserast i. Vi vurderer at tiltaket kan plasserast i tryggleiksklasse S2, da konsekvensen av eit skred blir vurdert til middels på grunn av lavt personopphald og avgrensa økonomiske konsekvensar. DSB som fagmyndigheit stiller også generelle avstandskrav til bebyggelse/infrastruktur og skal gje løyve etter forskrift om sivil handtering av eksplosjonsfarlege stoff (eksplosivforskrift, evt. også storulykkeforskrifta). Ei førebels vurdering tilseier at areal vest i planområdet er eigna for formålet, med føresegner om arealbruken og ulike sikringstiltak ved oppbevaringsstaden som er fastsett i eigne forskrifter.

Ein vil i dette området også legge til rette for snødeponi som nytt formål i kombinasjon med mottak, sortering, gjenbruk/deponering av overskotsmasse. Overskotsnø frå vegar og parkeringsplassar kan vera eit ureiningsproblem ved dumpe- eller avrenningsstaden samt være visuelt skjemmaende grunna innhald av avfallsfraksjonar, noko som tilseier at gjer at arealet må ha god kapasitet mtp. infiltrasjon, og at det er mogleg å syte for naudsynt reinsing av smeltevatnet for å minimere faren for spreining av avfall eller ureining av nærliggjande resipient.

Masse som deponeres på området er rene eller er sortert til rent, inert byggavfall for terrengoppfylling med særskilt tillatelse etter forurensningsforskriften. Det skal ikkje etablerast deponering av uavklarte eller ureina masse i planområdet. Ureina restmassar frå mottaksanlegget vil bli frakta til godkjent mottak for permanent deponering.

Aktuelle arealføremål i tillegg til nødvendig infrastruktur som vegar m.m.:

- Lager
- Massedeponi/snødeponi
- Vegetasjonsskjerm
- Naturområde – grønnstruktur

## 5 Verknad på, og tilpassing til landskap og omgjevnader

Tiltak i samsvar med det planen legg opp til vil i hovudsak ha innverknad på området lokalt. Visuelt er området relativt skjerma frå annan bebyggelse enn gardane i Myrumsgrena aust for planområdet. I området er det opna for å gjennomføre tiltak som har endra terrenget med masseuttak og etablering av motorsportsanlegget. Det vil vera eit mål at arbeid i terrenget skal gjerast på ein skånsom og tilpassa måte, slik at inngrepa er tilpassa lokale terrengtilhøve med naturleg skjerming.

## 6 Forhold til gjeldande planverk

Planområdet er i dag regulert i reguleringsplan for Grønslette, vedteke 23.04.2002, med endring vedteke 30.04.2003., med plan ID 1444\_20070001, med følgjande formål:

- Spesialområde skjermings-/parkbelte.
- Pukkverk/steinbrot/blokkuttak

- Landbruk/Skogbruk
- Kombinert bygge- og anleggsformål - reguleringssoner for Grøna
- Veg

Ein vurderer i utgangspunktet dei aktuell endringane til delvis å vera i samsvar med hovudføremåla frå gjeldande reguleringsplan forutsett at en i ny plan beholder tilstrekkeleg skjerming for omgjevnadene mtp. støy/støv og visuell verknad.

I kommuneplanens arealdel for Vågå er arealet sett av til desse formåla:

- landbruks- natur og friluftsområde (LNF)
- Råstoffutvinning (R05E, R06E)
- Kombinert bygge- og anleggsformål (R101E.)
- Veg

Ein vurderer at planforslaget vil vera delvis i tråd med kommuneplanen, men bygge- og anleggsformål på delen som er avsett til LNF-formål, og areal avsett som område for råstoffutvinning vil vera i motstrid med denne.

Delar av planområdet er i kommuneplanen vist med faresone for ras/skred, som bygger på aktsemdskart for skred og flaum (NVE).



Fig. 2. Utsnitt av kommuneplanens arealdel.

## 7 Vesentlege interesser som vert påverka

Nærmiljøet til uttaksområdet, aktiviteten knytt til motorcrossanlegget vest for Grøna og gardane i Myrumsgrende vil kunne bli påverka visuelt og potensielt med spreining av støv/støy avhengig av verksemdenes aktivitet og driftstider. For bustadbebyggelse (støyømfindtleg bruksformål) vil støy vera eit viktig omsyn, utan at vi ventar at situasjonen endrar seg i vesentleg grad. Vi vurderar at det kan gjerast avbøtande tiltak med til dømes fastsetting av driftstider samt skjerming ved ivaretaking av vegetasjon. Konsekvensar for alle aktuelle tema vil bli utgreidd og skildra i planmaterialet.

## 8 Samfunnssikkerheit

### 8.1. Kartlegging av moglege hendingar/potensielle farar

Aktuelle risikoforhold er vurdert gjennom analyseskjema, under. Tenkjelege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak vert sidan samanfatta i ein risikomatrise, og det vert laga ei oppsummering som viser identifiserte tiltak, og korleis desse er sikra gjennom plandokumenta. Alle punkt i sjekklista vert vurdert. Risiko = Sannsyn x Konsekvens. Sjekklista sine punkt skal omfatte både hendingar som er aktuelle i no-situasjon og som er konsekvensar av å gjennomføre planen. Sjekklista vert i denne fasen brukt som ei siling, for å identifisere tema som vil få særskilt fokus i det vidare planarbeidet, førebels utgåve vil vere utgangspunkt for diskusjon i oppstartsmøtet.

## 8.2. Førebels ROS skjema

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak	Kjelde
<b>Sjekkliste:</b>							
<b>Natur- og miljøforhold</b>							
<b>Ras/skred/flo/brann</b>							
1. Steinsprang						Delar av planområdet er påverka av risiko for steinsprang. Faresonekartlegging og supplerande fjellskredvurdering vil bli grunnlag for innteikning av faresoner i planen, samt fastsetjing av tryggleiksklasser for aktuelle tiltak.	<a href="#">Kartdata frå NVE</a> , NGI, faresonekartlegging, dok. Nr. 20190032  NVE, fjellskredvurdering, 1.10.2019
2. Masseutgl/leirskred/flaumskred/kvikkleire						Delar av planområdet er påverka av risiko for flaumskred, herunder sekundærverknad av skred. Faresonekartlegging og supplerande fjellskredvurdering vil bli grunnlag for innteikning av faresoner i planen, samt fastsetjing av tryggleiksklasser for aktuelle tiltak..	<a href="#">Kartdata frå NVE</a>  NGI, faresonekartlegging, dok. Nr. 20190032  NVE, fjellskredvurdering, 1.10.2019
3. Snøskred						I faresonekartlegging utført av NGI vurderast snøskred som ein lite relevant faretype i det karlagde området i dagens situasjon. Endring med avvirkning av skog i den nedre, vegetasjonsklede delen av fjellsida vil kunne påvirke skredfaren.	<a href="#">Kartdata frå NVE</a>  NGI, faresonekartlegging, dok. Nr. 20190032
4. Dambrot						IKKJE RELEVANT	
5. Elveflaum/tidevassflaum/stormflo						I faresonekartlegging utført av NGI er det vurdert at Flom- og sørpeskredfaren vil vera dimensjonerande for skadepotensialet til skred eller flaum i tilknytning til Grøna. Det er difor ikkje teikna faresone for flaum, men desse inngår i faresoner for skred i bratt terreng iht. TEK 17.	<a href="http://www.klimatilpasning.no/sok/#page=1&amp;types=49">http://www.klimatilpasning.no/sok/#page=1&amp;types=49</a>  NGI, faresonekartlegging, dok. Nr. 20190032

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak	Kjelde
6. Overflatevatn/ klimaendr.  Nedbørutsett						Jf. Pkt 2 og 5.	<a href="http://www.klimatilpasning.no/sok/#page=1&amp;types=49">http://www.klimatilpasning.no/sok/#page=1&amp;types=49</a>  NGI, faresonekartlegging, dok. Nr. 20190032
7. Skogbrann (større/farlig)						Relevant tema, særskilt opp mot areal for oppføring av eksplosivlager.	Synfaring. Arealinformasjon i Kilden (NIBIO).
8. Brann/sløkkevatt /tilkomst for brannbil						Eiga oppfølging	Konsultere brannsjefen
<b>Vær, vindeksponering</b>							
9. Vindutsette område (Ekstremvær, storm og orkan)						IKKJE RELEVANT	
<b>Natur- og kulturområder</b>	<a href="http://www.miljostatus.no/kart/">http://www.miljostatus.no/kart/</a>						
10. Sårbar flora						Ikkje særskilt interessante førekomstar eller naturtypar registrert, men emnet vert vurdert nærare i samsvar med naturmangfaldlova.	
11. Forholdet til naturmangfaldlova						Skal alltid utgreiast.  I tråd med føremålet til naturmangfaldlova vil ein i planforslaget legge til grunn ein berekraftig bruk og vern av naturen.	
12. Sårbar fauna /fisk, verneområde og vassdragsområde						Naudsynte omsyn til vassdragsmiljøet i Grøna. Sjå punkt 17.	<a href="#">Kartdata frå NVE</a>  Synfaring
13. Fornminne (Automatisk freda)						IKKJE RELEVANT – Registrerte kulturminne i gjeldande reguleringsplan. Kulturavdelinga hjå Fylkeskommunen er høyringspart.	Askeladden  Oppland fylkeskommune
14. Kulturminne/-miljø						Sjå pkt. 13.	GisLink kartteneste

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak	Kjelde
15. Grunnvass-stand						Sjå pkt. 17.	Synfaring
<b>Menneskeskapte forhold</b>							
<b>Risikofylt industri mm.</b>							
16. Kjemikalie/ petroleum/ eksplosiv (kjemikalieutslep p på land og sjø)						Eksploslager vil gje restriksjonsområde pga brann- og eksplosjonsfare. Kan vera behov for sikringstiltak og eigen tillatelse etter særlovverk.	Eksploslagerforskrift, evt. også storulykkesforskrifta
17. Avfall (ulovleg plassering/ deponering/ spredning farlig avfall)						Potensiell ureining ved snødeponi, og ved sortering, lagring/deponering av overskotsmasse. Kan føre til krav om resning/særskilt løyve etter Forurensningsforskrifta.	Forurensningsforskrifta
<b>Strategiske område</b>							
18. Brot i transportnett, veg, bru, knutepunkt						IKKJE RELEVANT	
19. Forsyning kraft/ elektrisitet (Samanbrot i kraftforsyning)						Eidefoss har høgspenleanlegg som passerer sør for planområdet.	Eidefoss, konsesjonssak
20. Svikt i fjernvarme						IKKJE RELEVANT	
21. Vassforsyning (Svikt/ureining av drikkevassforsyning)						Status/forsyning må avklarast fortrinnsvis tidleg i planprosessen	
22. Avlaup-systemet (Svikt eller brot)						IKKJE RELEVANT	
23. Terror/sabotasje/ skadeverk. Vold/ran og gisselsituasjon (eller trugsmål om)						Vurdere sikringstiltak ved eksploslager i eigen tillatelse etter særlovverk.	Eksploslagerforskrift, evt. også storulykkesforskrifta
24. Tele/ Kommunikasjons samband (samanbrot)						IKKJE RELEVANT	
25. Brann (med større konsekvensar)						Eksploslager vil gje restriksjonsområde pga. brann- og eksplosjonsfare	Eksploslagerforskrift, evt. også storulykkesforskrifta



ANALYSE							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak	Kjelde
26. Samanrasing av bygning/konstruksjonar						IKKJE RELEVANT	
<b>Andre ureiningskjelder</b>							
27. Bustadureining						IKKJE RELEVANT	
28. Landbruks-ureining						IKKJE RELEVANT	
29. Akutt ureining						IKKJE RELEVANT	
30. Støv og støy; industri						Vurdere behov for støyvurdering vedr motorcrossanlegget.	
31. Støv og støy; trafikk						Kan bli forsterka med etablering av ny verksemd. Tidlegare regulert for masseuttak og det er etablert aktivitet med motorsportsanlegg, som aktualiserer problemstillinga.	<a href="http://miljodirektora.tet.no/Documents/publikasjoner/M128/M128.pdf">http://miljodirektora.tet.no/Documents/publikasjoner/M128/M128.pdf</a>
32. Støy; andre kjelder						IKKJE RELEVANT	
33. Ureining i sjø/vassdrag						Potensiell ureining ved snødeponi, og ved sortering, lagring/deponering av overskotsmasse. Kan føre til krav om resning/særskilt løyve etter Forurensningsforskriften.	
34. Ureining i grunn						IKKJE RELEVANT	<a href="http://grunn.miljodirektoratet.no/">http://grunn.miljodirektoratet.no/</a>
35. Radongass						Overordna kart viser moderat til lav risiko. Ein kjenner ikkje til at det er gjort undersøkingar i eller ved planområdet.	<a href="http://geo.ngu.no/kart/radon/">http://geo.ngu.no/kart/radon/</a>
36. Høgspenline						Eidefoss har høgspentanlegg som passerer sør for planområdet.	Eidefoss, konsesjonssak
<b>Trafikktryggleik</b>							
37. Ulykke med farlig gods						Transport til/frå eksplosivlager vil gje risikovurderes, brann- og eksplosjonsfare.	
38. Ulykke ved inn- og utkøyning.						IKKJE RELEVANT	

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak	Kjelde
39. Ulukke med gåande/syklande						IKKJE RELEVANT	
40. Vær/føre avgrensar tilkomst til området						IKKJE RELEVANT	

### 8.3. Rapportar som ligg føre, eller som det vil vere aktuelt å få utarbeidd

Det er utarbeidd faresonekartlegging og supplerande fjellskredvurdering som grunnlag for planarbeidet, i følgjande rapportar;

- Faresonekartlegging – område ved Grønnslette, Vågå kommune. NGI, dokumentnr 20190032-01-R, datert 08.02.2019.
- Planområdet «Grønnslette» - fare for fjellskred fra Skagsnebb, NVE, ref. 201902420-4, datert 01.10.2019

## 9 Varslingspartar

Medverknad i plansaker følgjer plan- og bygningsloven, kapittel 5 om medverknad i planlegginga: §5-1. *Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medverknad. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.* §5-2. *Når loven her bestemmer at et planforslag skal sendes på høring, skal forslaget sendes til alle statlige, regionale og kommunale myndigheter og andre offentlige organer, private organisasjoner og institusjoner, som blir berørt av forslaget, til uttalelse innen en fastsatt frist.*

Aktuelle offentlege instansar og andre interesser avklarast på bakgrunn av høyringsliste som normalt oversendes frå kommunen. Statens vegvesen, NVE, Fylkesmannen i Oppland og Oppland fylkeskommune er organ som alltid får kunngjeringa tilsendt i tillegg til naboar og andre rørte grunneigarar og bruksinteressentar i området. I tillegg skal Direktoratet for mineralforvaltning varslast som fagmynde i denne saka.

Planarbeidet vil følgje dei vanlege prosessane for private reguleringsplanar, jf. PBL kap. 12, herunder aktuelle forskrifter som forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter PBL. Oppstartsmøte med kommunen vart heldt den 24. 01.2019. I påvente skredfarekartlegging og naudsynt avklaring av risiko for fjellskred frå Skagsnebb, valde ein å utsette planoppstart. Med noværande grunnlag ønskjer forslagsstillar å kunngjere oppstart av planarbeid.

Dersom kommunen eller andre partar ber om informasjonsmøte ifm. kunngjeringa, eller i seinare fasar i planprosessen stiller gjerne tiltakshavar og konsulent opp på slikt møte. Ved behov vil det bli avtalt møter med administrasjonen/regionalt planforum undervegs. Det vil vera ønskjeleg med eit møte med planavdelinga ifm. oversending av planframlegget. Ein legg ikkje opp til særskilte tiltak for medverknad ut over ordinær varsling og planprosess.

## 10 Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiing

Vi har gjennomgått *Forskrift om konsekvensutredninger for planer etter plan og bygningsloven §§ 6, 8 og 10 (i kraft 01.07.2017)*. Planarbeidet er ikkje omfatta av §6 –«Planer som alltid skal utredes» - Planarbeidet kan omfatte nye område for bygge- og anleggsformål som ikkje er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel. Ein kan ikkje sjå at endringa er omfatta av vedlegg I, men skal vurderast nærare etter vedlegg II. Det er etter vår vurdering ikkje grunn til å forvente at endringa vil medføre vesentlege verknader for miljø og samfunn.

§10 i forskrifta er gjennomgått under, med sikte på å identifisere aktuelle problemstillingar - :

### 10.1. Eigenskapar ved planen eller tiltaket (andre ledd):

<b>a) Storleik, planområde og utforming</b>
Ein annonserer eit planområde på om lag 301 daa. Ein del av dette ( 20-30 daa) er avsett til LNF i KPA, formålet lager/industri i dette området vil dermed foreslås omregulert i strid med KPA. Lagerformål og snø-/massedeponi til areal avsett til råstoffutvinning (regulert til blokkuttak) vil også vera i strid med KPA. Areal for snø-/massedeponi kan sjåast som avslutning av masseuttak der forekomsten er tom. Slik etterbruken er ikkje fastsett, men vurderast til å vera i tråd med KPA. Storleik, plassering og tilpassing gjer at ein samla sett ser på dette som ei moderat endring som ikkje utløyser særskilte konflikstar.
<b>b) Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar</b>
Det kan vera aktuelt å opne for å nytte naturressursar (uttak av lausmasse og/eller fjell) frå området i produksjonsprosessar, og som en del av utbygginga.  I lag med vurderingane som er nemnt over vil ein peike på at planområdet er lokalisert i tilknytning til opparbeidd areal. Tiltaket vil ikkje endre vassvegar, men overvasshandtering på den enkelte byggetomt/vegssystem vil kunne endre avrenningsmønster. Tilførsel av smeltevatn gjennom tiltransportert snø, vil auke avrenninga lokalt og til vassdrag/grunnvatn. Ein vurderer ikkje areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar til å vere relevante problemstillingar for KU-vurdering.
<b>c) Avfallsproduksjon og utslepp</b>
Tiltransportert snø ved snødeponi vil kunne ha innhold av avfallsfraksjonar. Planarbeidet må vurdere rensing av snøen for å minimere faren for forurensing/spreiing av avfall eller utslepp til nærliggjande resipient.  Masser som deponeres på området er rene eller er sortert til rent, inert byggavfall for terengoppfylling med særskilt tillatelse etter forurensningsforskriften. Det skal ikkje etablerast deponering av uavklarte eller uriene massar i planområdet. Ureina restmassar frå mottaksanlegget vil bli frakta til godkjent mottak for permanent deponering.  Ein legg til grunn at deponi vil krevje særkilt løyve etter Forurensningsforskriften, og inngå som ein del av utbygging og drift og ikkje vil medføre problemstillingar som er relevante for KU.
<b>d) Risiko for alvorlege ulykke og/eller katastrofer</b>
Eksploslager fell ikkje automatisk kriterium for konsekvensutgreiing etter KU-forskrifta, og problemstillinga er heller ikkje i seg sjølv aktuell for vurdering etter forskriftas vedlegg II. Ein konsekvens av tilrettelegging for eksploslager er etableringen av verksemd med risiko for alvorlige ulykker. Planinitiativet er derfor vurdert etter storulykkeforskriften, gjennom «Veileder om sikkerheten rundt storulykkevirksomheter», DSB (2016). Storulykkeforskriften deler virksomhetene inn i to ulike nivåer avhengig av mengde eksplosiva, henholdsvis meldepliktige (§

6) og sikkerhetspliktige (§ 9) virksomheter. Eksplosivlager med mer enn 10 tonn eksplosiver kjem automatisk inn under storulykkeforskriften, men prinsippa i veilederen er benytta uavhengig av planlagt mengd.

DSB har ansvar for oppfølging av krava etter brann- og eksplosjonsvernloven og tilhørende forskrifter når det gjelder storulykkerisiko. Det er særlig brann- og eksplosjonsvernloven § 20 (Sikkerhetsnivå i virksomheter med farlig stoff m.m.) som er retningsgivende for DSBs forvaltning av sikkerheten i omgivelsene til virksomheter med farlig stoff.

Ved risiko for alvorlig ulykker gjennom etablering av eksplosivlager, kan dette føre til restriksjonar i arealbruken over til dels store areal. Dette talar for at planen kan føre til vesentlege verknader for miljø og samfunn. Etter vår vurdering er ikkje formålet vesentleg til ulempe for dagens arealbruk, og vil i liten grad føre til verknad på bebudd eigedom eller verksemd, men etableringa vil føre til restriksjonar på areal brukt til landbruk/skogbruk m.m.

Etter vår vurdering vil ikkje planens forventa risiko for ulykke og/eller katastrofer, hverken som sjølvstendig kriterium, eller i sum av andre aktuelle problemstillinger etter KU-forskriftas §10 a-h, føre til krav om konsekvensutgreiing.

## 10.2. Lokalisering og påverknad på omgjevnadane (tredje ledd):

a)	<ul style="list-style-type: none"><li>Tiltaka i planen vil ikkje medføre auka belastning i område som er registrert som verneområde etter naturmangfaldlova kapittel V eller markaloven § 11, utvald naturtype (naturmangfaldlova kapittel VI), prioriterte artar, verna vassdrag, nasjonale laksefjordar og laksevassdrag, objekt/område og/eller kulturmiljø freda etter kulturminnelova.</li></ul>
b)	<ul style="list-style-type: none"><li>For vurderinga om truga artar eller naturtypar og verdifullt landskap, visast det til bokstav a). Planområdet er generelt ikkje særleg viktig for friluftsliv.</li></ul>
c)	<ul style="list-style-type: none"><li>Det blir vurdert at statlege planretningslinjer, statlege planføresegner eller regionale planføresegner ikkje er rørt av tiltaket, anna en regjeringas uttalte forventning til regional og kommunal planlegging.</li></ul>
d)	<ul style="list-style-type: none"><li>Planen krev ei omdisponering av område avsett til landbruks-, natur- og friluftsføremål, men det avgrensa planområdet har liten betydning for landbruksverksemd.</li></ul>
e)	<ul style="list-style-type: none"><li>Tiltaka i planen vil ikkje medføre auka belastning i område der grenseverdiar for økologisk og kjemisk tilstand blir overskride.</li></ul>
f)	<ul style="list-style-type: none"><li>Planens moglege konsekvensar for menneskje si helse pga. ureining til luft og vatn, stråling, støy, miljøgifter og kjemikalier, og klimaendringar er vurdert.</li><li>Det er ikkje indikasjonar på at støysituasjonen blir vesentleg forverra (omfang/alvorlegheit) men verknaden vil vera meir sannsynleg. Ei samla vurdering av påverknadsfaktoren gjev små og handterbare verknader for miljø eller samfunn. Eit eventuelt KU-krav gjennom forskrifta er dermed ikkje utløyst på grunn av dette.</li><li>Det ventast ikkje forureining gjennom utslepp av miljøgift og/eller kjemikalier.</li></ul>
g)	<ul style="list-style-type: none"><li>Det ventast ikkje at ikkje at tiltaka i plan vil medføre vesentleg auke av talet personar som blir utsett for luftureining eller vesentleg auke i</li></ul>

	<p>ureiningsnivå ihht. luftkvalitetskriteria, T-1520. Eksisterande forureiningsnivå er lågt.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Det ventast ikkje at miljøtilstanden i vassførekomst kan bli forringa frå ein tilstandsklasse til ein annan. Rensing ved snødeponi kan vera naudsynt. Vassførekomsten i Grøna har registrert økologisk tilstand god. Kjelde: fakta-ark fra Vann-nett , vannførekomstid 002-2507-R.</li> <li>▪ Tiltaka i planen vil ikkje føre til ureining på ein slik måte at det kan være risiko for menneske si helse og for miljøet. Planområdet er ikkje i berøring med område som har registrert ureina grunn. Kjelde: Grunnforurensningsdatabasen, MD.</li> <li>▪ Tiltaka i planen kan føre til auke i talet personar som vert utsett for støy, og gje ei viss auke på støysituasjon. Framtidig støysituasjon skal kartleggast i planarbeidet. Verknaden er vurdert til ikkje å vera vesentleg. Jf. også vurdering av støy som påverknadsfaktor under bokstav f. Tiltaka i planen vil ikkje medføre vesentlege endringar i transportproduksjon/infrastrukturutvikling som kan medføre store klimagassutslepp</li> </ul>
h)	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Gjeldande tryggleiksklassar i TEK 17 skal fastsettast for aktuelle tiltak i planområdet. Tiltaka i planen vil ikkje gje auka fare for alvorlege flaum- og/eller skredsituasjonar. Plassering av tiltak vil vera basert på den kjende kunnskapen om skred- og flaumskredproblematikk og kartlagde faresoner.</li> <li>▪ Sjå også vurdering om eksplosivlager under eigenskapar ved planen eller tiltaket (andre ledd) bokstav d) Risiko for alvorlege ulykke og/eller katastrofar.</li> </ul>

### 10.3. Konklusjon

Denne vurderinga etter § 10 er gjort på grunnlag av føreliggjande opplysningar, dvs. vår informasjon og den kunnskapen som offentlege interesseorgan har gjort tilgjengeleg som kjeldemateriale. Området er i kommuneplanens arealdel avsett til ulike formål, og fanges opp av Forskrift om konsekvensutredning i § 10 andre ledd – d, samt tredje ledd – d, f og h vera aktuell.

- *§ 10, andre ledd – d: Risiko for alvorlege ulykke og/eller katastrofer*
- *§ 10, tredje ledd – d: Større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftformål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet.*
- *§ 10, tredje ledd – f: konsekvensar for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning*
- *§ 10, tredje ledd – h: Risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom*

Ut i frå denne gjennomgangen kjem vi til at planen kan få vesentlege verknader etter § 10, men at konsekvensane ikkje kvar for seg eller i sum vil vera så store at eit KU-krav vert stilt.